



Ballplay AS
Kristian Bjerknæs
ST. OLAVS VEI 114
5063 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1423 - 15/29043

Saksbehandlar:
Øystein Sørhaug
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:
09.09.2015

Søknad om økonomisk tilskot

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Lindås kommune er difor positiv til søknaden frå Ballplay og vil gje følgjande støtte:

- Lindås kommune dekker kostnadar som skissert i søknad/forretningsplan med inntil 50.000 kr.

Tilskotet kan betalast ut på forskot, då ber me om å få tilsendt eit kontonummer. Me ynskjer og å sjå at verksemda vert etablert med orgnr, før pengane vert utbetalt. Lindås kommune ynskjer til slutt ein enkel oversikt som viser kva pengane er brukt på, etter at prosjektet er ferdig.

Lindås kommune ynskjer vidare at den økonomiske støtta frå kommunen vert nytta i marknadskommunikasjonssamanheng, spesielt om verksemda får oppslag i media/lokalmedia.

Lindås kommune ynskjer lykke til!

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dokument i saka:

Søknad/forretningsplan frå Ballplay datert 26.8.2015.

Saksopplysningar:



Ballplay AS er under etablering og vil formelt etablerast i Lindås kommune.

I 2014 vedtok fotballtinget å innføra trear-fotball for seksåringar frå 2015 av. Frå oktober 2015 kan klubbane søka om spillemidler for å dekkje inn delar av innkjøp med nye baneløysingar, som tilfredsstillar vedtaket ovanfor.

Produkta som Ballplay skal selgja tilfredsstillar desse krava. Ballplay skal selgje utvalde produkt til fotballklubbar, gjennom både direktesal og internett. For å skapa økonomisk handlingsrom i ein sårbar oppstartsfase, ser Ballplay for seg å satsa på agentur-/import av relevante produkt. Dette gjeld t.d. M-Station frå Munin Sports i Danmark og BazookaGoal frå Norge. I tillegg arbeidar Ballplay med ein eigen baneløysing for trearfotball, saman med AS Fiskenet (Manger) og Fjellheim Stålindustri (Ågotnes). Ein pilotversjon er klar i september 2015. Blick Reklame på Isdalstø skal levera sponorsegl til banane samt anna diverse materiell.

Ballplay har og nokre tankar for forretningsmodell, då dei legg opp til at sponsorar kan kjøpe seg eksponering på baneløysingane, som dei utviklar sjølv. I tillegg skal det vere moglege refusjonsordningar frå Norges Fotballforbund, slik at klubbane har fleire insentiv for å få kjøpt inn desse produkta.

Ballplay har i søknad/forretningsplan lagt inn eit kostnadsbudsjett på 100.000kr. Dette er kostnader som for eksempel:

- Produksjon av pilot-baneløsning
- Videreutvikling av baneløsning
- Reiseutgifter
- Logo og visuell profil
- Nettside
- Utvikling av markedsmateriell

Vurdering:

Den eine gründeren er busett i Lindås kommune, og begge to har vidare veldig god bakgrunn innan merkevare og sal. Begge har vidare god bransjeerfaring frå idrett og trening, som vil vere det primære marknadsområdet Ballplay skal penetrera. Lindås kommunar har difor stor tru på gjennomføring.

Lindås kommune er opptatt av å leggje til rette for god og framtidsretta samfunns- og næringsutvikling, og ynskjer spesielt velkommen nye bedriftsetableringar som kan føra til arbeidsplassar og verdiskaping. Lindås kommune har forståing for at Ballplay må prioritera agentur-/importhandel, i det minste i ein oppstartsfase, men syns og det er positivt at verksemda ser ut til å satsa på eigen produktutvikling, produksjon og merkevarebygging, i samarbeid med lokale verksemder i Nordhordland. Samarbeidstiltak er også nemnd som eit spesielt viktig kriterium i næringsfondet.

Lindås kommune sitt næringsfond har vidare som føremål å styrka næringsliv og sysselsetting i kommunen.

Med helsing

Øystein Sørhaug
næringsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Rekneskapsavdelinga

Mottakarar:

Ballplay AS

ST. OLAVS VEI 114 5063

BERGEN